

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7008
5020 Bergen

SKYSS
Vestre strømkaiene 9
5008 Bergen

Bergen 7/12-2017

Haldeplass ved Ulset sykehjem

Fylkeseldrerådet i Hordaland har blitt kjent med at vegen utanfor Ulset sykehjem i Salhusvegen i Åsane vert lagt om.

Fylkeseldrerådet er opptatt av at tilgjenge for kollektivreisande til sjukeheimar og sjukehus skal vera både enkle og trafikksikre. Når det gjeld Ulset sykehjem, er rådet særleg opptatt av at ein ikkje skal trengja kryssa Salhusvegen når ein går av eller på bussen, same i kva retning ein kjem frå eller skal. Det er ikkje fortau langs Salhusvegen, noko som gjør at ein må vera spesielt aktsom.

Fylkeseldrerådet ber om å bli orientert om ein har tenkt at det skal koma haldeplass utanfor sjukeheimen, og om så er, korleis denne haldeplassen er tenkt utforma. .

Med venleg helsing

Kåre Ystanes
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland